

**Notat**Dato: 19.02.2019  
Arkivsak: 2018/505-28  
Saksbehandlar: ireolse

---

<b>Til:</b>	Fylkeskassen v/Vidar Kloster
<b>Frå:</b>	Eigedomsavdelinga

---

**Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 07009 - Fana gymnas - ombygging****Rekneskap: 19 895 436****Budsjett: 25 000 000****Løyving 2017 – 30 000 000,-****Utdrag:**

I fylgje pågåande dialog med Bergen kommune, er bygningsmassen ved tidlegare Fana Gymnas planlagd utleigd til Bergen kommune frå 1. mai 2017. Det er lagt til grunn at leigeavtalen vert inngått om kort tid. Det er rekna med ei husleige på nærare 5 mill. kr årleg der eigarkostnader kjem til frådrag.

Før innflytting ynskjer Bergen kommune at det blir utført nokre utbetringar av lokala. Desse utbetringane vil bli utført av Hordaland fylkeskommune og dekkja av Bergen kommune gjennom ei samsvarande auke i husleiga i avtaleperioden. Fylkeskommunen vil såleis forskotere utbetringane og fylkesrådmannen rår til at det blir løyvd 30 mill. kr til dette arbeidet. I første omgang skal bygningane dels brukast som avlastingsskule for Nordnes skole, som skal rehabiliterast, og dels av Paradis skole.

**FT 63/17 – redusert løyving kr 5 000 000,-****Utdrag:**

Det er inngått leigeavtale med Bergen kommune knytt til tidlegare Fana gymnas, og i budsjettet for 2017 er det løyvd 30 mill. kr til utbetringar før kommunen tek bygget i bruk. Prosjektet er i slutfasen og prognosen tyder på at prosjektet vil bli ferdigstilt innanfor totalbudsjettet. Det er planlagt innflytting frå Bergen kommune si side i løpet av mai i år.

Sidan prosjektet er knytt til utleige og ikkje ordinær fylkeskommunal verksemd har ein rett til frådrag (refusjon) og ikkje kompensasjon for meirverdiavgift. Budsjettmessig gjer dette at ramma for prosjektet kan reduserast med 5 mill. kr, utan at det påverkar prosjektet.

**Kommentar:**

Bergen kommune som leigetakar har ynskja å avgrense utbetringane til eit minimum, med bakgrunn i at alle kostnader ville føre til aukt leige, og har for sin del betrakta ramma som eit maksimum.

Omfanget av ombygging har difor blitt vesentleg lågare enn lagt til grunn då prosjektet vart kalkulert. Garantibefaring etter 1. år er gjennomført og påpeikte manglar utbeta. Pr. utgangen av desember 2018 var det netto kostnadsført 19,895 million kroner. Ein legg til grunn at kostnadane framover må vurderast som driftskostnader, og rår til at prosjektet vert avslutta med ei innsparing i forhold til ramma på vel 5 million kroner.

Ein er elles i slutfase med å få til ein oppdatering av leigeavtale knytt til «tilleggsleiga» med bakgrunn i reviderte kostnadstall. Grunnlaget her vil truleg bli marginalt lågare enn kostnadstalet over.

Jostein Fjærestad  
eigedomsdirektør

Bjarte Molvik  
seniorrådgjevar

Vedlegg: Rapport